

TEMAFØREDRAG

HAUSTEN 2012

Klepp Rekneskapslag tilbyr denne vinteren ein meny av ulike temaføredrag til kvelds- eller dagmøte.

Kvart føredrag er på 45 minutter – 1 time. Det er også mogleg å kombinere to føredrag dersom ynskjeleg, då bør ein sette av kvelden til fagleg påfyll. Pris: kr. 2.000 for eit føredrag, inklusiv reise.

1. Eigarskifte – før eller seinare

God planlegging sikrar eit vellukka eigarskifte - både menneskeleg og økonomisk. Overdraginga er ofte ein prosess som bør modnast over tid. Føredraget tek for seg kva du bør tenke på når eigarskiftet er eit stykke fram i tid.

2. Gardsbruk i vekst

Større utbyggingar og endringar er svært krevjande. Du skal både planlegge nytt prosjekt, gjennomføra bygginga, stå for løpande drift i føretaket og samtidig planlegga ekspansjon av drifta. Kva er viktig å fokusere på, og korleis kan du løyse dette?

3. Gårdsråd

Kvifor er eit gårdsråd ein god sparringspartner til å utvikle garden som ein god arbeidsplass med lønsamt resultat? Kven er gårdsråd aktuelt for?

4. Avvikling, vedlikehald eller utvikling av gardsbruket?

Ta eit aktivt vegvalg og verdivalg for din yrkeskarriere, gardsbruket ditt og familien.

5. Selskap og selskapsorganisering

Drifta av dei fleste gardsbruk er i dag organisert som eit enkeltpersonføretak. Vi ser på andre aktuelle føretaksformer for landbruket. Kva er pluss og kva er minus ved andre former, og når er det aktuelt?

6. Økonomisk oversikt når du skal investere eller overta gard

Skal du overta gard? Korleis vert økonomien etter ei større investering? Ynskjer du å legge om produksjonen på garden? Behov for betre oversikt over økonomien framover? Ein 5-årig driftsplan gjev eit godt bilete på korleis økonomien vil verte for føretaket og familien din.

7. Bygg, logistikk og økonomi – for deg som skal bygge nytt storfe fjøs

Korleis kan du lage ei etappevis utbygging som er rasjonell og framtidsretta? Korleis er den beste planløysinga? Kva kostar det? Og korleis vert økonomien etterpå? Eit rådgjevingstilbod med integrert fokus på logistikk og økonomi slik at du kan avklare ditt ønske om nytt bygg fram til ferdige byggeplanar.

8. Samdrifter, kvoteregelverk og utleige av driftsbygningar

Det har skjedd betydelege endringar i regelverk for samdrifter og utleige av driftsbygningar dei seinare åra. Konsekvensane kan bli store dersom du ikkje unngår snubletrådane.

9. Kvifor ha 1-årig budsjett for garden/gartneriet?

Med budsjett kan du måle lønsemda i dine produksjonar løpande gjennom året og sjå korleis botnlinja vert. Du kan sette deg økonomiske mål å strekke deg etter, og få trygghet for korleis økonomien utviklar seg. Budsjett er aktuelt styringsreiskap for nye gardbrukarar og når du skal bygge nytt eller auke produksjonen.

Har de andre ynskjer til tema som ønskes belyst gjennom eit føredrag, vil me gjerne bidra til det.

Ta kontakt på telefon 5178 6990 eller mail klepp@grl.no for meir info og eller for å avtale om tidspunkt for føredrag.

Klepp Rekneskapslag SA

Postvegen 209
4353 KLEPP ST.

Telefon: 5178 6990
Telefax: 5178 6991

e-post: klepp@grl.no
www.kleppgrl.no
Org.nr. 971 557 397
Bankkonto: 3290.05.90228